



Hanna Sofie Solberg
Solberget 20
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/674 - 19/7300

Saksbehandlar:
Hanne Marie Evensen
hanne.marie.evensen@meland.kommune.no

Dato:
02.04.2019

Godkjenning - GBNR 1/43, 139 - Løyve til arealoverføring - Flatøy

Administrativt vedtak. Saknr: 88/2019

Tiltakshavar:

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

Dette vedtaket erstatter vedtak med saksnr. 79/2019 datert 27.03.2019 og vedtak med saksnr. 86/2019 datert 01.04.2019. Nemnde vedtak utgår.


Tiltak

Tiltakshavar har søkt om løyve til overføring av eit areal opplyst til å være om lag 100 m² frå gbnr. 1/19 til gbnr. 1/43, 139. Etter gjennomføring av omsøkt tiltak vil heile garasjen til tiltakshavar, Einar Dale, stå på hans eigedom, på gbnr. 1/43, 139.

Status i dag, eigedomsgrense er rødstiplet:



Utsnitt av innsendt situasjonsplan, omsøkt tiltak er merket med blått:



Hanna Solberg står registrert som heimelshavar av gbnr. 1/19, og eigedomen har eit areal på om lag 85,5 daa.

Det vert elles vist til søknad med vedlegg, journalført motteke 12.03.2019.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Nabovarsling

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3, men kommunen finn ikkje grunnlag for å krevje nabovarsling ettersom tiltaket i lita grad får verknad for naboar.

Lov- og plangrunnlag

Arealoverføring er «tiltak» etter pbl § 1-6, og er søknadspliktig etter pbl §§ 20-4, jf. 20-2, jf. 20-1 bokstav m). Vidare følgjer det av pbl § 26-1 at [o]pprettelse av ny grunneiendom (...), eller endring av eksisterende eiendomsgrenser, må ikkje gjøres på en slik måte at det oppstår forhold som strider mot denne lov, forskrift eller plan».

Det omsøkte arealet på gbnr. 1/19 er regulert til bustad gjennom reguleringsplan for Flatøy sør/aust, planid: 125619971015. Tiltaket er i samsvar med planen og kan difor godkjennast.

Tilknytning til infrastruktur

Eksisterande infrastruktur, medrekna veg, vatn og avlaup, får ikkje betydning for arealoverføringen som omsøkt.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-4, jf. §§ 20-2 og 20-1 bokstav m) løyve til overføring av eit areal på om lag 100 m² frå gbnr. 1/19 til gbnr. 1/43, 139, i samsvar med søknad og vedlagte situasjonskart journalført motteke 12.03.2019.

Grensene mellom eigedomane og nøyaktig storleik på arealet som vert overført vert fastlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedsregistrering, jf. pbl § 21-9».

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

